

# Valprogram Vindafjord SV 2019 - 2023



**For dei mange  
– ikkje for dei få**

## Klima og miljø

**Vindafjord SV vil forvalte dei uerstattelige naturverdiane på ein klok måte, slik at komande generasjonar kan nyte godt av dei. Omsynet til klimatrusselen og miljøet må vektleggast sterkt i alle avgjerder.**

### Vindafjord SV vil arbeide for

- at næringsverksemd i kommunen blir driven på ein måte som ikkje utarmar naturressursane eller forureinar miljøet vårt. Det skal alltid vere krav om 0-utslepp av tungmetall, radioaktive stoff og andre miljøgifter frå all verksemd
- å sikre det biologiske mangfaldet i kommunen
- ei arealforvaltning som tek vare på den sårbare og sterkt pressa kystlina og som sikrar alle tilgang til naturopplevingar ved sjøen
- at sjøareal ikkje vert nytta til opphogging av utrangerte oljeinstallasjonar
- at Vindafjord skal bli ein føregangskommune i bruk og utvikling av alternative energikjelder basert på lokale ressursar
- å stimulere til at kommunale og private verksemdar vert miljøtårnsertifiserte
- å vidareutvikle Vindafjord som Fairtrade-kommune

## Likeverd og likestilling

### Vindafjord SV vil arbeide for

- ein sterk og effektiv offentleg sektor med profittfri velferd
- retten til fast- og heiltidsstilling
- reduksjon i bruk av mellombelse stillingar
- å unngå sosial dumping ved at kommunen stiller tydelege krav til til løns- og arbeidstilhøve i anbudsutlysingar og sjekker dei som får anbodet
- tilsetting av fleire personar med minoritetsbakgrunn

## Integrering

### Vindafjord SV vil arbeide for

- at kommunen har eit godt kommunisert system for introduksjons- og flyktningarbeidet, tydeleg både for innbyggjarar og flyktningar
- at kommunen har tilbod om tidleg traumebehandling til born og vaksne
- at kommunen gjennom samarbeid med NAV og vidaregåande skule arbeider fram tilbod som fører til kompetansebevis dersom fagbrev ikkje er realistisk
- at kommunen sjølv tilbyr språkpraksisplassar og arbeidspraksisplassar

## Levande bygder

### Vindafjord SV vil arbeide for

- å legge til rette for eit mangfaldig og berekraftig næringsliv, og arbeide for utvikling av gode bumiljø.
- å sikre busetnad i alle bygder
- tilgang til grøntområde, turstiar og badeplassar i alle bygder
- å legge til rette for at unge og andre i etablerarfasen kan investere i eigen bustad

## Helse-og omsorg

### Vindafjord SV vil arbeide for

- å sikre god grunnbemanning i helse- og omsorgssektoren – god grunnbemanning gir betre kvalitet i arbeidet og reduserer utgifter til vikarbyrå
- å sikre god oppfølging av heimebuande – «heile mennesket» i fokus
- å styrke det rusførebyggjande arbeidet
- å sikre god kommunal drift av legekontora i Vikedal og Ølen

## Barnehage og skule

### Vindafjord SV vil arbeide for

- å styrke arbeidet mot mobbing
- å prioritere tidleg innsats og nok tilsette til å sikre den einskilde elev sitt behov
- å behalde dagens skulestruktur
- å styrke helsetenestene i skulane
- å redusere rapportering, testar og kontrollmekanismar som hemmar fagleg kreativitet i undervisninga
- å styrke yrkesretta undervisning i vidaregåande skule og sikre retten til lærlingeplass
- å ha jamn bemanning i heile opningstida i barnehagane
- å ha nok barnehageplassar i kvar skulekrins

## Næringsliv

### Vindafjord SV vil arbeide for

- å legge til rette for høveleg næringsareal i kommunen
- å stø arbeidet for utvikling av reiselivsnæringa
- å legge til rette for etableringa av kompetansearbeidsplassar
- fleire læringeplassar i kommunale- og private verksemdar
- å halde fram med dagens praksis verdrørande helgedagsfreden og ikkje utvide ordninga med søndagsopne butikkar

## Landbruk og fjordbruk

### Vindafjord SV vil arbeide for

- å oppretthalde bu- og driveplikta
- å legge til rette for at landbruket framleis skal vere ei viktig næring i kommunen
- å stø bøndene i deira arbeid for matproduksjon, jordvern og vedlikehald av kulturlandskapet
- å sikre god dyrevelferd
- å oppretthalde dagens bemanningsnivå på landbrukskontoret
- å sikre at kommunen har gode rutinar for kontroll av dei miljøskadelege verknadene i oppdrettsnæringa

For dei mange  
– ikkje for dei få



# Samferdsel og kommunikasjon

## Vindafjord SV vil arbeide for

- å få på plass rassikring og gul midtstripe på FV 46 mellom Knapphus og Ropeid
- å oppgradere FV 734 mellom Utbjoa og Isvik
- å bygge gang-og sykkelveggar langs vegane i kommunen
- å oppretthalde hurtigbåtrutene Ølen-Bergen, Sandeid – Stavanger og Sauda-Stavanger
- å utvide aldersgrensa for bruken av ungdomskort til 25 år
- å innføre eit Miljøkort som gjer det rimeleg å reise med buss, båt og tog i heile Rogaland
- å vidareføre intensjonen om lyntog mellom Haugesund og Oslo over Haukelifjell
- å trygge sikkert breiband og sikker telekommunikasjon i heile kommunen

# Mangfaldig kulturliv

## Vindafjord SV vil arbeide for

- å støt lag og organisasjonar som driv førebyggjande arbeid blant barn og unge
- å halde oppe og utvikle eit rikt og variert kulturskuletilbod som alle har råd til
- å sikre likeverdig materiell på begge målformer til trusopplæring
- å støt lag, grupper og personar som arbeider med å ta vare på lokalsoga vår
- å sikre at våre museum har ressursar til å ta vare på den lokalhistoriske kulturarven
- å sikre biblioteket utvikling som gratis arena for informasjon, kulturopplevingar og som møteplass for alle aldersgrupper



**På 1. plass:**  
**Guri L. Ravatn**

*Eg stiller til val for SV fordi det er naudsynt med ei klok forvaltning av våre uerstattelge naturverdiar lokalt og globalt. Eg vil ta kampen for profittfri velferd, eit verdig integreringsarbeid og for utvikling av fornybare næringar lokalt.*



**På 2. plass:**  
**Johannes Hustveit**

*Eg stiller til val for SV fordi eg ønskjer at forskjellane i Norge og lokalt skal bli mindre. Eg vil ta kampen for stabile, gode og forutsigbare arbeidsforhold og lik løn for likt arbeid i kommunen.*